9

# Årsmelding for 1948.

I 1948 har laget kenda seg godt i tevlingar med andre lag, serleg gjeldt dette skigruppa sam på ein framifrå måte har representert Osteröy. Dei andre gruppane har det vel vore noko opp og ned med. Kor mange tevlingar laget har vore med i og kor mange lagsfolk sam har vore med kan hovudstyret ikkje ha nokor meining om, då ein ikkje har fått årsmelding frå gruppone.

Idrottsmerket har 6 lagsfolk teke Barne og ungdomsidrotten er det ikkje gjort noko for i 1948 anna enn tevlingar for lagsfolk under 18 år

Slik sam i fjor har dr. Elingsen stade for løyar granskinga av idrottsfolk sam har vore med i ofentlige tevlingar

Administrasjon og organisasjon i laget er ikkje fra Ukeppa med at styret er spreitt over heile Osteröy har i år synt seg sam ei dårleg ordning. Dei styrande i laget råkar kvar andre berre 3-4 ganger i året og det vil alle skjöna er ikkje sam det skal vera. Hovudstyret har hatt 2 möte alle styreslemar har ikkje vore til stades desse gongene

Økonomien i laget har ikkje vore så god sam ein hadde rekna med, det har synt seg å vera vanskelegare å få inn pengar og det har urom tvil vore arbeidt forlite med dette.

Tilskipingar med dans har laget hatt: Solbjörg 3 ganger Grönskard 2 Valestrand 1 Haviki 1 Gang.

Idrottsplassen er i same stada sam i fjor på årsmöte og så vidt ein kan skjöna er

løysinga av denne saka ikkji langt komi. Hans Idrottsråd er ikkji utan skuld fordi det ikkji er gjort nokon ting, då det er dei som skal planleggja plassen og få den godkjendt.
Hovudstyret takkar til slutt alle lagsfolk for godt arbeid i året som no er til endi, og vonar på god framgang i 1949

Lonevåg 1. januar i 1949.

I styret for Osterøy Idrottslag

nestformann    formann    kasserar

Sjur Lone